


Filmprosjekt - Vikebygd i bilder!



Om filmprosjektet:

Vikebygd Grendeutval (VGU) har heile tida fokus på aktivitetar som kan bidra til å auke tilflytting til Vikebygd. Her er det mange element som har innverknad på den kontinuerlege prosessen for å gjere bygda betre kjent i regionen på ein positiv måte og med håp om auka tilflytting og innbyggjartal. Dette er viktig med tanke på å behalda både skule, barnehage og butikk i bygda.

Vikebygd Grendeutval starta difor med å invitera alle til å sende inn bilde til bruk i ein framtidig reklamefilm for Vikebygd.

For å sikre gjennomføringa av prosjektet er det danna ei «Film-gruppe» som, på dugnad, er pådrivar og sikrer at filmprosjektet vart gjennomført innanfor dei forutsetningar og rammer som vart gitt. Me har også knytt til oss eit byrå som skal sikra den profesjonelle utforminga av filmen. Byrået bidreg både med filming og produksjon.

Prosjektet er godt i gong og prosjektperioden vil strekkje seg over omlag eit år, slik at det blir god tid til filming av dei ulike arrangementa, situasjonane og årstidene.

Finansiering:

Vikebygd Grendeutval (VGU) har utarbeida ein enkel finansieringsmodell for Filmprosjektet:

Prosjektledelse, assistent på opptak, møter, planlegging og korrekturer	30.000
Manus	5.000
Opptaksdager totalt 3 stk (regnet i totale timer - det blir flere enn 3 dager). 10.000.- pr dag.	30.000
Redigering 4 dager a 7.500,-	30.000
Luftfoto - dronepilot og utstyr	2.500
SUM	97.250 + MVA

Total kostnad for filmproduksjon er sett til kr. 97.250 eks.mva.

Alt anna arbeid med filmprosjektet blir gjort på dugnad.



Det har blitt tildelt SØK-midler for å sikre oppstart av prosjektet, men me ynskjer å knytte til oss sponsorar for å redusere bruken av desse midlane sidan dei er tenkt brukt på fleire områder til beste for bygda.

Fordelar til alle som bidreg økonomisk til Filmprosjektet:

- Alle sponsorar blir vist med firmanamn/logo på slutten av filmen.
- Kvar enkelt sponsor får «bedriftsomtale» på nettsida www.vikebygd.no som no tel over 12.000 unike besøkjande årleg.
- Fri bruk av filmen eller delar av filmen i samband med eigen firmapresentasjon.

Me jobbar for at sponsormidler skal utgjere minst 60% av dei totale kostnadane til filmen. Dette betyr at kvar enkelt bidrag har stor betydning for prosjektet.

SØK-midler vil dekkje dei resterande kostnadene.

For utfyllande informasjon om prosjektet, sjå www.vikebygd.no

Me håpar at du eller din bedrift ynskjer å støtta opp om dette prosjektet økonomisk med kr. 2.000,-.

Ser fram til eit positivt svar som kan sendast til post@vikebygd.no

Ein vil då få tilsendt riktig betalingsinformasjon.

Med vennleg helsing

Vikebygd Grendeutval